



- Her vil avkøyrsevegen ned til bustadane gå, seier Thomas Eik, som står ved porten til hagen sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samrøystes og utan debatt har forvaltningskomiteen sagt nei til klagene frå Oddborg Myklebust og Thomas Eik i samband med bustadprosjektet på Eikelandet. Det var i samsvar med innstillinga frå administrasjonen.

Myklebust klaga fordi ho får utsikten sin forringa og Eik fordi den planlagte avkøyrsla ned til dei åtte bustadene kuttar av hagen hans mot riksvegen. Komiteen var på synfaring før handsaminga onsdag føremiddag.

Myklebust krev at bygningane blir redusert og får ei mindre dominerande utforming medan Eik krev at utbyggjaren må finna løysing på avkøyrsla i sin heilheit på eigen grunn.

Eik opplyste til uskedalen.no at han ikkje visste noko før sist vår om det planlagte, dramatiske inngrepet i eigedomen sin.

- Dei kontakta meg ikkje på førehand og det er eg svært skuffa over, sa 89-åringen, som kjøpte huset i 1995 og no leiger det ut.

Kommuneadministrasjonen seier at avkøyrsls-saken er "private forhold" som partane sjølve må einast om. Eventuelt kan ein saman med Statens vegvesen finna fram til annan utforming/plassering av avkøyrsls som er tilstrekkeleg trafikksikker for riksvegen, heiter det.

Administrasjonen held fast på vilkåret om at avkøyrsla må vera ferdig opparbeidd og godkjent før vegvesenet får igongsetjingsløyve for bustadane. Vegkontoret si godkjenning forutset at naboane blir einige.

Om klaga til Myklebust seier administrasjonen mellom anna at verandaene på bustadane vil liggja 38 meter frå huset hennar og at det ikkje synest generande tett.



Forvaltningskomiteen på synfaring onsdag føremiddag. Oddborg Myklebust sitt hus i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)